



ASKVOLL KOMMUNE

Fiskeri- og kystdepartementet

Vedlegg av

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh
Formannskapet	30.03.2007	027/07	AVO

Saksbeh
Alfred Vorland

Arkivsaknr
2007000276

Arkiv
K2-P00

REVIDERT LOV OM HAMNER OG FARVATN M.V. - HØYRING

30.03.2007 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Askvoll formannskap sluttar seg til administrasjonssjefen si saksutgreiing.

FOR-027/07 VEDTAK:

Askvoll formannskap sluttar seg til administrasjonssjefen si saksutgreiing.

SAKSDOKUMENT:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.03.2007	Fiskeri- og kystdepartementet	HØRING AV FORSLAG TIL REVIDERT LOV OM HAVNER OG FARVANN M.V.
2	I	22.03.2007	Styret i Flora Hamn og Næring KF	MERKNAD FRÅ FLORA HAMN OG NÆRING KF NAG. FRAMLEGG TIL NY HAMNE OG FARVANNSLOV

Saksutgreiing:

Askvoll kommune er mellom dei kystkommunar som ikkje er beden om å gje uttale i saka. Når kommunen gjer det, gjer den det av eige initiativ.

Det nye lovutkastet kan føre til endringar for Askvoll kommune på to område. Det gjeld dekning av utgifter innan det som vert nemnt som kommunale farleier og det gjeld oppgåver om statistikk. Det er desse to områda som i det vesentlege vert omtalt i denne saka.

Kommunen vurderte i si tid å søkje om medlemskap i Flora hamnevesen, men dette vart lagt til sides. For hamnedistrikt vil det nye lovutkastet ha vesentlege følgjer.

Farleier.

I høyringsbrevet vert 3 typar farleier omtala. Det er hovudleia, bileia og det som vert omtala som kommunale farleier, kva det er for noko. Staten vil ha alt ansvar for hovudleiar og bileiar, medan kommunane kan få ansvaret for kommunale farleier. Slik vi no tolkar høyringsbrevet, vil kommunen få ansvaret for merking av kommunale farleier. Dette krev truleg eit nytt forvaltningsorgan som vil få ansvar for desse oppgåvene. Mindre kommunar må truleg setje vekk dette arbeidet til private firma som er kompetente til å ta seg av dette arbeidet.

Til dekning eller delvis dekning av driftsutgiftene vi vil få ved å krevje avgift av trafikken i kommunale farleier. I praksis vil dette vere svært vanskeleg å gjennomføre. Kommunane sine muligheter til å disponere det viktigaste farleier til anna næringsverksemd, som t.d. oppdrett etc, vert ved det nye forslaget redusert.

Statistikk m.m.

Det er vanskeleg å sjå kva oppgåver Askvoll kommune vil få ved føring av statistikk. Dette er neppe uoverkommelige oppgåver.

Konklusjon

Askvoll kommune vil be om at ansvaret for drift av farleier, enten det er hovedleier, bileier eller kommunale leier, vert som no. Dei organ som har ansvaret for dette er "profosjonelle". Ved å endre på dette kan det medføre redusert sikkerheit til sjøs, samt at mindre kommunar vert pålagt ei oppgåve dei vanskeleg vil kunne sjøte på forsvarleg vis.

Avgjer om kva som kan plasserast av anlegg etc. i farleier bør heller ikkje endrast. Det vil redusere det kommunale sjølvstyre i høve til korleis sjøareal kan nyttast.